

Pressemelding

29.1.2021

– Vestland har alt batterifabrikken treng

– Vi har areal, vatn og vasskraft, og menneske med kunnskap og evne til å løfte i lag. Denne fabrikk vil ha hos oss, seier fylkesordfører Jon Askeland. Dei tre industrigigantane Hydro, Equinor og Panasonic skal bygge ein batterifabrikk i Noreg med 2000 arbeidsplassar. Frå Vestland har 12 kommunar levert tilbod. Fylkeskommunen har bistått med prospekt for nettopp å vise kor godt Vestland fylke eignar seg for fabrikk.

Dei tre selskapa har danna eit konsortium som skal bygge og drifte den enorme batterifabrikk som i startfasen har behov for eit areal på heile 400 mål, med høve for utviding til 1000 mål. Konsortiet har lyst ut planane og bede om at aktuelle aktørar frå hele Noreg melder interesse innan 28. januar.

Beste vertskap

– I lag med dyktige kommunar har vi hatt eit spennande samarbeid og laga eit prospekt som viser kva vi kan tilby. Vi vil vise kvifor Vestland fylke er det beste vertskapet for battericelleproduksjon i verdsklasse. Vestland er det største kraft- og eksportfylket i landet med lang industrihistorie. Vi er ein regional utviklingsaktør med krevjande framtidsmål. Vi skal bli episenteret for det grønne skiftet og eit nullutsleppsfylke, seier Askeland.

12 interesserte kommunar

Dei 12 kommunane i Vestland som har meldt interesse for batterifabrikk er: Alver/Austrheim, Askøy, Bjørnafjorden, Bremanger, Gulen/Masfjorden, Kinn, Kvinnherad, Sunnfjord, Voss og Øygarden. I nokre av kommunane er det private grunneigarar som søker saman med kommunen.

Tre kandidatar til finale

– I arbeidet med å lage prospektet har vi tatt rolla vår som regional utviklingsaktør for å vise kvifor batterifabrikk skal bli lagt til fylket. Vi har hatt eit interessant og spanande samarbeid med kommunane, men det er kommunane sjølv som utarbeider sine tilbod. Bidraget vårt supplerer tilboda dei leverer. No kryssar vi fingrane for at det går vegen for Vestland, og at vi får batterifabrikk til fylket, seier fylkesordfører Jon Askeland, som er imponert over kvaliteten på tilboda frå dei aktuelle kommunane i fylket.

Hydro, Equinor og Panasonic skal no utføre eit forstudium. Det skal munne ut i tre aktuelle kandidatar som går til finale. Planen er at tomte skal vere byggeklar i 2023, med produksjonsstart i 2025.

Kontaktperson:

Fylkesordfører Jon Askeland, mobil 474 59 720